

Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala
Sak nr.: 14/4012-13

Selskapskontroll 2014 - Forvaltningsrevisjon F1 Holding AS - rapport

**Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gje slik tilråding:
Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkestinget tek vedlagte rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon av F1 Holding AS til etterretning.
2. Fylkestinget ber leiinga i F1 Holding AS om å følgje opp tilrådingane i rapporten.
3. Fylkestinget ber om at status på oppfølginga av tilrådingane vert meldt til kontrollutvalet innan 1. oktober 2015.

Vedlegg:

- Rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon av F1 Holding AS, datert 14.3.2015

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

SF revisjon IKS har gjennomført forvaltningsrevisjon av F1 Holding AS på oppdrag frå kontrollutvalet.

Revisor har gjort funn som er vurdert opp mot revisjonskriteria, og har i rapporten etter den gjennomførde forvaltningsrevisjon konkludert med seks tilrådingar basert på vurderingane som er gjort.

Styret i F1 Holding har i sin høyringsuttale vurdert utkast til rapport, og har konkludert med at ein del av avvika revisor peikar på er dekkja av dagens rutinar og system, og at ein på andre punkt er samd med revisor sine konklusjonar.

Fylkesrådmannen har kome med ein høyringsuttale til rapporten der han formidlar synspunkt som han oppfattar at eigarorgana i fylkeskommunen har stilt seg bak, og stiller i sin uttale spørsmål til at premissane som ligg til grunn for forvaltningsrevisjonen ikkje er nærare vurderte, og meiner at ein del av spørsmåla som er stilte i prosjektet er prega av eit unaturleg skilje mellom fylkeskommunen og F1 Holding AS.

Kontrollutvalet har i dette prosjektet hatt fokus på at F1 Holding AS vert styrt og leia etter gjeldande regelverk, og at politikarane får den informasjonen som er forventa og nødvendig. Ein ser av rapporten at revisor og dei som vert revidert vurderer lovverket litt forskjellig på enkelte punkt.

Kontrollsjefen har i sin vurdering av rapporten og høyringsuttalen frå leiinga i selskapet i tillegg til høyringsuttale frå fylkesrådmannen kome fram til ei tilråding til kontrollutvalet om at rapporten vert teken til etterretning og at tilrådingane i rapporten bør følgjast opp av leiinga i selskapet.

2. Bakgrunn for saka

Fylkestinget vedtok i FT-sak 4/14 å få gjennomført forvaltningsrevisjon av F1 Holding AS i løpet av 2014. Kontrollutvalet fekk i vedtaket mynde til å definere innhald og kontrollpunkt i revisjonen.

Kontrollutvalet vedtok bestilling av forvaltningsrevisjonen 17.6.2014 i KU-sak 32/14. Bestillinga vart sendt SF revisjon IKS i etterkant av møtet.

3. Vurderingar og konsekvensar

Føremål og problemstillingar

Føremålet med forvaltningsrevisjonen har vore å sjå på dei interne arbeidsforholda i F1 Holding AS sett opp mot krava i aksjelova. Vidare ville ein sjå på korleis selskapet følgjer opp eigarskapsvedtak fatta i fylkeskommunen. Selskapet si forvaltning på vegne av fylkespolitikarane var også tema som kom fram under fylkestinget si handsaming av FT-sak 4/14.

Det vart utarbeidd 8 problemstillingar på bakgrunn av føremålet. Problemstillingane er å finne i kapittel 2 i rapporten frå revisor. Revisor har svart på problemstillingane i rapporten.

Metode

Forvaltningsrevisjonen er, med unntak av kartlegginga av politikarane sitt syn på kommunikasjons- og rapporteringslinjene mellom F1 Holding AS og politikarane i kapittel 9, utarbeidd etter gjeldande standard for forvaltningsrevisjon, RSK 001. Revisor har nytta dokumentanalyse og intervju i arbeidet. Metodebruken er omtala i kapittel 3.

Revisjonskriterium

Revisjonskriterium som er nytta i denne forvaltningsrevisjonen er behandla av revisor i kapittel 4 i rapporten, og består av mellom anna aksjelova, offentleglova, selskapsvedtektene og eigarskapsmeldinga.

Revisor sine vurderingar og tilrådingar

Revisor har i rapporten vurdert problemstillingane ut frå undersøkingar om F1 Holding AS sett opp mot dei aktuelle revisjonskriterium. Vurderingane til revisor har resultert i konklusjonar og tilrådingar, som er nedfelt i kapittel 10 i rapporten.

Høyringsuttalar

Styret i F1 Holding AS har utarbeidd ein høyringsuttale som er vedlagt rapporten. Styret er samd med revisor i at fylkesutvalet bør utarbeide ein styringsinstruks for styret i selskapet. Vidare er styret samd med revisor i tilrådinga om at det for framtida tydelegare bør avklarast kvar ansvaret som i dag tilhøyrar dagleg leiar bør ligge. Styret skriv også at gamle styreprotokollar vil bli signert der slik signatur manglar.

Styret er derimot ikkje samd med revisor i at det bør utarbeidast overordna planar på kort og lang sikt innanfor eigaren sine krav og retningslinjer, men viser til at det som står i eigarmeldinga er tilstrekkeleg. Vidare meiner styret at rapporteringa frå dagleg leiar til styret er

tilstrekkeleg, og at dei etiske retningslinjene til fylkeskommunen er tilfredsstillande så langt dei er relevante.

Fylkesrådmannen har kome med ein høyringsuttale til rapporten der han formidlar synspunkt som han oppfattar at eigarorgana i fylkeskommunen har stilt seg bak. Fylkesrådmannen peikar på at forvaltningsrevisjonen har som premiss er at F1 Holding AS har ei fri og sjølvstendig rolle i eigarstyringa av Fjord1 AS og at det er kommersiell drift i selskapet. Fylkesrådmannen seier i sin uttale at dette ikkje er slik, og at dette heller ikkje var meininga då verksemda var skipa.

Fylkesrådmannen skriv i høyringsuttalen at det ikkje bør vere behov for å bruke tid til å rapportere om at det ikkje er aktivitet i F1 Holding AS utover rapporteringa i samband med styret si årsmelding og årsrekneskap, då det ikkje er kommersiell drift i F1 Holding AS.

Det er etter fylkesrådmannen si meining unaturleg at F1 Holding AS etablerer eigne etiske retningslinjer, men i staden held seg til dei som gjeld for fylkeskommunen så langt det passer, og at fylkeskommunen si eigarmelding gjev tilstrekkeleg signal om fylkestinget sine krav og forventningar til Fjord1 og F1 Holding AS.

Kontrollsjefen sine vurderingar

Forvaltningsrevisjonen har som utgangspunkt at F1 Holding AS er eit selskap som forvaltar store verdier på vegne av fylkeskommunen og dermed innbyggjarane i fylket, og at fylkestinget ba utvalet om å gjennomføre ein forvaltningsrevisjon der mellom anna interne ansvarsforhold i selskapet sett opp mot krava i aksjelova var tema.

Revisor har i rapporten konkludert med fleire forhold der ein bør endre praksis for å følgje krava i aksjelova. Kontrollsjefen er samd i tilrådingane frå revisor der det vert peikt på endringar for å følgje aksjelova sine føresegner. I høyringsuttalane har det kome fram vurderingar av aksjelova sine føresegner som resulterer i andre konklusjonar. Det er ikkje dermed sagt at desse er i strid med aksjelova, men det er kontrollsjefen si vurdering at revisor sine tilrådingar er i samsvar med lova sine reglar, og det vert derfor konkludert med å følgje tilrådingane frå revisor.

Når det gjeld punktet om tertialvis rapportering frå dagleg leiar til styret, er dette å oppfatte som eit minimumskrav i aksjelova, noko advokat Vibeke Resch-Knudsen har poengtert er eit absolutt krav, og er ei plikt ein ikkje kan avtale seg bort frå. Fylkesrådmannen og styret til F1 Holding AS vurderer dette spørsmålet ut frå at det ikkje er kommersiell drift i selskapet, og at det dermed ikkje er krav om kvartalsvis rapportering. Kontrollsjefen rår til å følgje tilrådinga frå revisor på dette området.

Det er også kontrollsjefen si oppfatning at det bør utarbeidast etiske retningslinjer når dette er eit krav i Eigarmeldinga, som vert vedteken kvart år av fylkestinget, og seinast vedteken i FT-sak 33/14.

4. Konklusjon

Kontrollsjefen vurderer rapporten frå SF revisjon IKS til å vere eit godt gjennomarbeidd dokument der det vert peika på forskjellige område for forbetring av forvaltninga av F1 Holding AS.

Revisor har kome med seks tilrådingar til leiinga i F1 Holding AS, og det vert tilrådd å ta rapporten og tilrådingane til etterretning.